

Informasjon i samband med foreldremøte for 2.klasse torsdag 24.september

Saksliste:

1. Presentasjon av vaksne på trinnet
2. Smittevern-trafikklysmoell. For tida gult nivå
3. Plan for eit trygt og godt skulemiljø.
4. Transponder
5. Elevfråvær
6. Skule-heim samarbeid
7. Ny heimeside
8. Rutinar for utviklingssamtaler
9. Val av klassekontaktar

1. Presentasjon av vaksne på trinnet

Vi er tre kontaktlærarar på trinnet: May-Brith Skjoldal (raud gruppe), Maren Mardal (gul gruppe) og Kari Storebø (blå gruppe). Irmelin Kårtveit er timelærar og har også ein del timar med spesialundervising. Kari Aga har også nokre timar på trinnet med spesialundervising. Mona Morlandstø, Randi Førde og Therese Nordvik er fagarbeidarar på trinnet.

2. Smittevern

Vi er på gult nivå. Reint praktisk vil det seia at 2.trinn er ein kohort. I friminutta har trinnet eit eige område å vera på. Vi prøver å vera ute nokre timar i veka elles også. Elevane skal vaska hendene etter kvart friminutt og før mat. Pultene blir også vaska før maten. Om ein elev er sjuk, skal han/ho vera heime. Sjå folkehelseinstituttet sine sider (www.fhi.no) og kontakt lege for vurdering om de er i tvil. Følg elles med på heimesida til skulen og Transponder om det skulle vera noko nytt å melda om koranasituasjonen.

3. Plan for eit godt og trygt skulemiljø

Eit trygt og godt skulemiljø er avhengig av at fleire partar arbeider saman. Skulen, elevane og foreldra må samarbeide for at ein skal nå målet om eit inkluderande oppvekstmiljø der alle er ein del av fellesskapet og kjenner seg trygge. Sjå i planen kva ansvar vi har og de har - planen ligg på heimesida:

https://www.oygarden.kommune.no/strandaskule/_f/p69/i69162971-9843-48ae-9a3f-c7bb85967572/plan-for-trygt-skulemiljo-pa-stranda-skulepdfny.pdf



4. Transponder:

Dei aller fleste av dykk har lasta ned og bruker applikasjonen - flott! Vi starta å bruka den digitale meldingsboka samstundes som dykk, så det er ikkje sikkert vi veit svaret på alt. Vi har nokre punkt vi vil framheva:

- Vi svarer på meldingar frå vi kjem på jobb ca.kl.08.00 - 08.15 (då går vi i klasserommet), og etter at skuledagen er ferdig for elevane.
- Meldingar som kjem i løpet av dagen, må bli ringt inn på 56 32 77 40. Vi rekk ikkje alltid å gå inn på den digitale meldingsboka i løpet av undervisingstida.
- Det er ønskjeleg at de sjølv melder inn fråvær på barnet dykkar. De må gjere det seinast innan klokka 08:00 den dagen det gjeld. Om de veit at barnet blir vekke frå skulen fleire dagar kan dette meldast inn samstundes. Det er ikkje naudsynt å ringa skulen kvar morgon i tillegg.
- Når det gjeld meldingar om SFO eller liknande, trykker vi berre "ok" at vi har lest ho og de vil då få ei "kvittering" ved at namnet vårt kjem opp på meldinga.
- Meldingar blir sett av alle kontaktlærarar på trinnet.

5. Elevfråvær:

Skuledagen byrjar kl.08.30. Det er viktig med gode rutiner for å kome presis, både til skulestart og til timane. Ta gjerne ein prat heime om dette. Som nemnd, vil vi at de meldar inn elevfråvær på Transponder.

6. Skule-heim-samarbeid:

Stranda skule ønskjer å ha eit nært og godt samarbeid med heimen. Vi ønskjer at heimen veit kva som kan forventast av skulen, og skulen er tydeleg på kva som blir forventa av heimen. Slik kan vi jobbe saman for eit godt læringsmiljø for elevane.

Sjå i planen kva du kan forvente av oss og kva vi kan forvente av dykk:

https://www.oygarden.kommune.no/strandaskule/_f/p69/ic9a0f431-bcca-43b9-b08f-2aa07ffc4246/skule-heim-samarbeid-forventningsstandar.pdf

7. Ny heimeside

Sidan vi er blitt ein ny storkommune, har skulen også fått ny nettside:

<https://www.oygarden.kommune.no/strandaskule/>

Her vil de finna vekeplanane til trinna, men også aktuelle saker og ulike planar. Heimesida er ny og det er ikkje sikkert ho er oppdatert på alt enno.

8. Rutinar for utviklingssamtalar:

Det skal gjennomførast to utviklingssamtalar kvart skuleår. Den første samtalen er i vekene 44,45. Den andre utviklingssamtalen er i vekene 11,12. Skulen har eigne malar som brukast i samband med samtalanene. De vil få meir informasjon om samtalar etter haustferien. På gult nivå har vi løyve til å gjennomføra utviklingssamtalane på skulen. Sidan foreldremøtet blei avlyst, ser vi fram til å møta dykk alle på denne måten.

9. Val av klassekontaktar:

Sidan vi valde å avlysa foreldremøte, må vi finna ut korleis vi skal gjera det med dette valet. Vi får koma attende til saka.

Helsing

Kari, Maren, May-Brith, Irmelin og Kari